

Vestlandsrådet

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
02.01.2024 23/57449- 3 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/24	Vestlandsrådet	11.01.2024

Samarbeidsavtale for Vestlandsrådet

Vestlandsrådet 11.01.2024 - sak 04/24

Behandling

Sigrid Brattabø Handegard (SP, Vestland fylkeskommune) fremma følgjande tillegg til punkt 2 i innstillinga:

“2. Vestlandsrådet ber om at AU evaluerer samarbeidsavtalen og kjem tilbake til Vestlandsrådet med forslag om eventuelle endringar, og som tek opp i seg konklusjonar frå gruppearbeida i møtet.”

Votering:

Innstilling og forslaget fremma av Sigrid Brattabø Handegard blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet tek framlagte samarbeidsavtale til orientering.
2. Vestlandsrådet ber om at AU evaluerer samarbeidsavtalen og kjem tilbake til Vestlandsrådet med forslag om eventuelle endringar , og som tek opp i seg konklusjonar frå gruppearbeida i møtet.

Innstilling:

1. Vestlandsrådet tek framlagte samarbeidsavtale til orientering.

2. Vestlandsrådet ber om at AU evaluerer samarbeidsavtalen og kjem tilbake til Vestlandsrådet med forslag om eventuelle endringar.

Bakgrunn

Vestlandsrådet er oppretta med heimel i kapittel 18 i kommunelova om interkommunalt politisk råd. Når det vert oppretta eit interkommunalt politisk råd, skal det inngåast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltagarane i rådet.

To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan saman opprette eit interkommunalt politisk råd. Rådet kan handsame saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene. Fylkestinga vedtek sjølv å opprette eit slikt råd.

Når det vert oppretta eit interkommunalt politisk råd, skal det inngåast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltagarane i rådet.

Fylkestinga i alle deltagarfylka skal sjølv vedta samarbeidsavtalen og avtaleendringar som gjeld i opplistinga under;

- rådets namn
- om rådet er eit eige rettssubjekt
- kor mange medlemmar den enkelte deltagaren skal ha i representantskapet
- kva saker rådet skal kunne behandle
- kva for mynde som er lagt til rådet
- den enkelte deltagar sin eigardel i rådet og ansvarsdel for rådet sine forpliktingar, dersom ansvarsandelen avvik frå eigarandelen
- korleis deltagarane kan tre ut av rådet
- korleis rådet skal oppløysast, m.a. kven som skal ha ansvaret for oppbevaring av rådet sine arkiv etter at rådet er oppløyst.

Vestlandsrådet (er lik representantskapet) kan sjølv vedta endringar i dei delane av samarbeidsavtalen som gjeld andre forhold enn dei som er nemnt i opplistinga. Slike endringar må vedtakast med minst 2/3 fleirtal, dersom ikkje anna er fastsett i samarbeidsavtalen.

Den vedtekne samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet er vedlagt.

Vurdering

Fylkeskommunedirektøren ser på samarbeidsavtalen som eit viktig styringsdokument for aktiviteten i Vestlandsrådet. Dokumentet bør forankrast tydeleg i rådet, og eventuelt vurderast for endringar, tilpassingar og presisering av forventa samarbeidspraksis

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg
Samarbeidsavtale-VR-2020